

ÅRSMELDING - 2023

MØRE & ROMSDAL GJETARHUNDLAG

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er sammansett av representantar frå dei 5 lokale gjetarhundlaga, og samansetninga i 2023 har vore:

Knut-Jørgen Oseberg- leiar / vara; Camilla Ringstad Liavåg – Vestre Sunnmøre Gj.h.lag (VSG)

Monika Kvernberg / vara; Astri Mari Mork – Nordmøre og Romsdal Gj.h.lag (NRG)

Terje Hurlen /vara; Merethe Hellevik– Midtre Møre Gj.h.lag (MMG)

Andor Bjørke /vara; Nils Edmund Stråmyr – Indre Sunnmøre Gj.h.lag (ISG)

Irene Røe Waagan / vara; Gerd Eva Slettvåg – MidtNorge Gj.h.lag (MNG)

Styret har hatt 4 styremøter gjennom året, og totalt 15 saker har vore behandla i løpet av året.

Året 2023

Nye godkjende ekvipasjar/bruksprov

Møre og Romsdal har fått 22 nye godkjende ekvipasjar i fylket 2023.

Gjetarhundprøver/Gjetarhundkurs

Det var stor aktivitet i fylket i fjor, når ein summerer vart det arrangert:

6 distriktsprøver i klasse 1 med 39 deltakarar

6 distriktsprøver i klasse 2 med 50 deltakarar

6 distriktsprøver i klasse 3 med 104 deltakarar, inkludert Fylkesmesterskap i bruk av Gjetarhund der 17 ekvipasjer starta

2 Landsprøver i kl 3 med 92 deltakarar

13 gjetarhundkurs med tilsaman 110 deltakarar, og vidare 159 felles-treningar fordelt over dei fem lokallaga.

Fordelt over dei fem lokallaga har fylket 135 medlemmer.

NM 2023

På årets NM i Varhaug, Rogaland deltok i alt 3 ekvipasjar frå Møre og Romsdal:

Knut-Jørgen Oseberg med Tom , Halvor Tenden med Tara og Ztripz

MRGL nytter høvet til å gratulere begge med innsatsen i NM 2022

Plasseringane i NM:

Knut-Jørgen Oseberg og Tom 5. plass

Halvor Tenden og Tara på 34.plass

Halvor Tenden og Ztripz på 90.plass

Tom vart beste unghund på NM

Det vart ingen forandring på NM- kvota, så til NM i Gjetarhund 2024 har Møre og Romsdal 3 NM-plassar.

Fylkesmeisterskapet

Fylkesmeisterskapet var i år på Hildre søndag 24.september. Det vart arrangert i samarbeid mellom lokallaga Nordmøre og Romsdal Gjetarhundlag og Midtre Møre Gjetarhundlag. Dommar for helga var Sander Hindenes frå Hordaland. Dei 6 beste frå den innleiande runden gjekk til finale med dobbelthent og sortering. Etter endt finaleomgang stod Aileen Skogeng og Bow øvst på resultatlista og fekk dermed overrekk fylkesmeisterpokalen.

Beste unghund i FM 2023 vart Gyda med førar Jan Myklebust

MRGL gratulerer alle, både med titlane og plasseringane.

Unghundcup´n 2023

Unghundcup´n i 2023 vart avgjort gjennom eit sett av distriktsprøver i klasse 2, og vinner av årets Unghundcup 2023 vart Camilla Ringstad Liavåg med Lia.

Gratulerer!

Nettsidene

Nettsidene til MRGL (www.mrgl.no) har i 2023 vore oppdatert av webansvarlig Merethe Hellevik. Det er viktig for medlemmane at vi har ei velfungerande nettside slik at ein får ut informasjon og vidare sår spirar til nye tiltak rundt om i fylket og styret vil nytte høvet til å oppfordre alle om å sende inn materiale til webansvarlig gjennom mail: redaksjonen@mrgl.no

For Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag – MRGL

Knut-Jørgen Oseberg- leiar